

**Protokoll nr. 7/2018****Styremøte 04. desember 2018**

Til stades: X

**Styremedlemmar:**

- X Ingve Theodorsen, styreleiar
- X May Helen Molvær Grimstad, nestleiar
- X Toril Forbord
- X Bjarne Storset
- X Nils Kvernmo
- X Jan Arve Antonsen
- X Kristen Rasmussen
- X Mikal Gjellan

**Frå administrasjonen møte:**

adm.direktør Espen Remme  
styresekretær Marianne Gravem

**Frå Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal HF:**

Ingrid Løset og Torill Bøe.

Styremøte blei halde i auditoriet ved Kristiansund sjukehus og starta kl. 11:00.

Styreleiar Ingve Theodorsen opna styremøtet, takka for ei flott omvising på sjukehuset i Kristiansund og ønska alle velkommen.

Styreleiar informerte om at styret har fått overrekt ei underskriftkampanje med underskrifter for å bevare to fødeiningar i Nordmøre og Romsdal.

**Dokumenter utdelt til møtet:**

Sak /2018 – Referatsaker:

- Referat frå møte i Brukarutvalet
- Referat frå møte i AMU

Styret behandla følgjande saker i møte:

**Sak 49/2018 Godkjenning av innkalling og sakliste.**

**Innstilling:**

Styret for Helse Møre og Romsdal HF godkjente innkalling og sakliste.

**Vedtak:**

Styret for Helse Møre og Romsdal HF godkjente innkalling og sakliste.

**Sak 50/2018 Orienteringssaker**

- Orientering frå adm. direktør
  - God omvising i dag på sjukehuset i Kristiansund
  - 30. oktober hadde helseføretaket besøk av helseminister Bent Høie på to arrangement; lanseringskonferanse for pakkeforløp psykisk helse og rus og møte om organdonasjon ved Ålesund sjukehus.
  - Gjennomført både samhandlingskonferanse og dialogmøte. Ved dialogmøtet deltok styreleiar Ingve Theodorsen og statssekretær Anne Grethe Erlandsen.
  - Storfangst på forskingsmidlar til Helse Møre og Romsdal. Tilbakemeldinga på søknadane er at dei har høg kvalitet.
  - Branntilløp på ungdomspsykiatrisk sengepost i Ålesund. Fire av ti pasientrom blei stengt på grunn av skader.
  - Oppstart av traineeprogram for sjukepleiarar i Helse Møre og Romsdal.
  - Avhending av eigeidom ved Molde sjukehus (sak 46/2018) er godkjent i Helse Midt-Norge og sendt vidare til HOD.
  - Utviklingsplanen skapar spekulasjonar både internt og eksternt. Naturleg at det vert slik. Meir om utviklingsplanen seinare i styremøtet. Stadlege leiarsamlingar blir arrangert no i desember. Inviterer då også fagmiljø, tillitsvalde og verneteneste til å delta på innlegg om utviklingsplanen og korleis man jobbar med involvering og medverknad framover.
  - Helseplattforma er på besøk i Helse Møre og Romsdal denne veka.
- Forbettringshistorie Hospital at Home v/prosjektleiar Inger Stokke
- Nøkkeltal KLP v/Tormod Vassel
- Status for SNR v/prosjektstyreleiar SNR Olaf Melbø

**Innstilling:**

Styret for Helse Møre og Romsdal tar framlagte saker til vitande.

**Vedtak:**

Styret for Helse Møre og Romsdal tar framlagte saker til vitande.

**Sak 51/2018 Referatsaker – uten saksframlegg**

- Referat frå Brukarutvalet 03.12.2018
- Referat frå AMU 03.11.2018
- Protokoll styremøte i Helse Midt-Norge 2018
- Protokoll frå OSU 27.11.2018
- Uttale frå Orkide om fødetilbodet Nordmøre og Romsdal
- Uttale frå Norges Kvinne- og Familieforbund om fødetilbodet Nordmøre og Romsdal

**Sak 52/2018 Statusrapport - kvalitet- økonomi og aktivitet****Innstilling:**

1. Styret for Helse Møre og Romsdal tek statusrapporten for oktober 2018 til orientering.

**Protokoll:**

Styret anerkjenner det positive arbeidet som er gjort i helseføretaket knytt til ventetider, spesielt hos barn og unge.

**Vedtak:**

1. Styret for Helse Møre og Romsdal tek statusrapporten for oktober 2018 til orientering.

**Sak 53/2018 Budsjett 2019****Innstilling:**

1. Styret for Helse Møre og Romsdal vedtek budsjettet med dei føresetnadane som framgår av saka.
2. Styret vedtek eit nytt resultatkrav for 2019 på -44 mill. kroner.
3. Styret ber om at adm. dir. held fram konkretiseringa av tiltak for å kome i økonomisk balanse.

**Protokoll:****Forslag til nytt vedtakspunkt 1 (erstattar innstilling på punkt 1 og 2) og 5 nye punkt i staden for punkt 3 i innstillinga. Lest opp av styreleiar:**

1. Styret for Helse Møre og Romsdal vedtek budsjettet med eit resultatkrav på minus 44 MNOK med følgjande føresetnadar.
2. Styret konstaterer en svært krevende budsjettutfordring for HMR for 2019. Målet er bærekraftig drift gjennom et 3-årig omstillingsprogram 2019-2021
3. Operasjonalisering av utviklingsplan/tiltaksplan vil bli lagt fram i februar 2019 og fokusere på effektivisering gjennom prosessforbedringer og strukturendringer. Den økonomiske utfordringen i 2019 er så alvorlig at det må gjennomføres strakstiltak.
4. Det budsjetteres med et underskudd på 44 MNOK under forutsetning av forsvarlig likviditetsavtale med HMN RHF. Det forutsettes at allerede identifiserte effektiviseringstiltak med 68 MNOK gjennomføres med 100% effekt som planlagt. Administrerende direktør bes videre gjennomføre en nedbemanning med 200 årsverk med økonomisk effekt så tidlig som mulig i 2019.

5. Administrerende direktør bes om å opprette en controllergruppe for å bistå i planlegging, gjennomføring og sikring av planlagt effektiviseringseffekt.
6. Styret ber om å få seg forelagt gjennomføringsplan for vedtatte budsjett-tiltak i et styremøte medio januar 2019.

**Vedtak:**

1. Styret for Helse Møre og Romsdal vedtek budsjettet med eit resultatkrav på minus 44 MNOK med følgjande føresetnadar.
2. Styret konstaterer ein svært krevjande budsjettutfordring for HMR for 2019. Målet er ei berekraftig drift gjennom eit 3-årig omstillingsprogram 2019-2021
3. Operasjonalisering av utviklingsplan/tiltaksplan vil bli lagt fram i februar 2019 og fokusere på effektivisering gjennom prosessforbetringar og strukturendringar. Den økonomiske utfordringa i 2019 er så alvorleg at det må gjennomførast strakstiltak.
4. Det budsjetterast med eit underskot på 44 MNOK under føresetnad av forsvarleg likviditetsavtale med HMN RHF. Det føresetast at allereie identifiserte effektiviseringstiltak med 68 MNOK gjennomførast med 100% effekt som planlagt. Administrerende direktør bes vidare gjennomføre ein nedbemanning med 200 årsverk med økonomisk effekt så tidleg som mogleg i 2019.
5. Administrerende direktør bes om å opprette ein controllergruppe for å bistå i planlegging, gjennomføring og sikring av planlagt effektiviseringseffekt.
6. Styret ber om å få seg forelagt gjennomføringsplan for vedtatte budsjett-tiltak i eit styremøte januar 2019.

**Til protokoll frå Brukarutvalet v/ Ingrid Løset og Torill Bøe:**

Brukarutvalet ser at det er naudsynt å gjera omstillingar i Helse Møre og Romsdal for å få ei berekraftig utvikling. Brukarutvalet føreset at pasientbehandlinga, pasientsikkerheita og kvaliteten på behandling blir vidareført. Brukarutvalet føreset at vi blir teken med i prosessen om operasjonalisering av utviklingsplana, fram til endeleg framlegg for styret i februar 2019. (Vedtak frå Brukarutvalet sitt møte 03.12.2018, sak BU 62/2018 pkt 2, 3 og 4).

**Sak 54/2018 Operasjonalisering av utviklingsplan for eit berekraftig HMR**

**Innstilling:**

1. Styret sluttar seg til dei framlagde tiltaksområda, og ber om at det vert arbeidd vidare med desse i samsvar med saksgrunnlaget
2. Styret understrekar at intern og ekstern medverknad og involvering er avgjerande for å realisere tiltaka
3. Styret ber om at det til styremøtet i februar vert lagt fram konkrete tiltak der risiko og konsekvensar for drift, fag og økonomi er vurdert

**Vedtak:**

1. Styret sluttar seg til dei framlagde tiltaksområda, og ber om at det vert arbeidd vidare med desse i samsvar med saksgrunnlaget
2. Styret understrekar at intern og ekstern medverknad og involvering er avgjerande for å realisere tiltaka

3. Styret ber om at det til styremøtet i februar vert lagt fram konkrete tiltak der risiko og konsekvensar for drift, fag og økonomi er vurdert

### **Sak 55/2018 Finansiering byggetrinn 2 - rehabilitering av fasadane ved Ålesund sjukehus**

#### **Innstilling:**

1. Styret for Helse Møre og Romsdal godkjenner oppstart av byggetrinn 2 i prosjektet *Rehabilitering av fasadane ved Ålesund sjukehus*. Det samla prosjektet skal gjennomførast i perioden 2018-2020/2021 og innanfor ei total kostnadsramme på 255 MNOK (P85).
2. Styret for Helse Møre og Romsdal ber om at det blir sendt ein lånesøknad på 90 MNOK til Helse Midt-Norge RHF for å finansiere byggetrinn 2 av prosjektet.

#### **Til protokoll:**

Forutsetning at lånesøknad vert godkjent før ein utløyse opsjon.

#### **Vedtak:**

1. Styret for Helse Møre og Romsdal ber om at det blir sendt ein lånesøknad på 90 MNOK til Helse Midt-Norge RHF for å finansiere byggetrinn 2 av prosjektet.
2. Styret for Helse Møre og Romsdal godkjenner oppstart av byggetrinn 2 i prosjektet *Rehabilitering av fasadane ved Ålesund sjukehus*. Det samla prosjektet skal gjennomførast i perioden 2018-2020/2021 og innanfor ei total kostnadsramme på 255 MNOK (P85).

### **Sak 56/2018 Gevinstrealisering for Helseplattformen**

#### **Innstilling:**

Styret i Helse Møre og Romsdal sluttar seg til oppsummeringa som er utarbeidd som eit innspel frå HMR HF til gevinstrealiseringsstrategi for Helseplattformen.

#### **Vedtak:**

Styret i Helse Møre og Romsdal sluttar seg til oppsummeringa som er utarbeidd som eit innspel frå HMR HF til gevinstrealiseringsstrategi for Helseplattformen.

### **Sak 57/2018 Kjøp av tidlegare hjelpemiddelsentral og sal av Åsebøen 11**

#### **Innstilling:**

1. Styret for Helse Møre og Romsdal godkjenner kjøp av gnr. 50 bnr. 1473 i Ålesund kommune, tidlegare hjelpemiddelsentral, innanfor ei samla kostnadsramme på 20,52 MNOK. Kjøpet skal primært sikre betre lokale for habiliteringstenesta på Sunnmøre (HABU og HAVO).

2. Styret for Helse Møre og Romsdal gir adm.direktør fullmakt til å gjennomføre sal av Åsebøen 11 så snart det er utarbeidd verdivurdering for eigedomen og med atterhald om godkjenning frå Helse Midt-Norge RHF før salet blir effektuert.
3. Styret for Helse Møre og Romsdal legg til grunn at avhending av Åsebøen 11 blir gjennomført korrekt i høve til føringar og retningsliner som er gitt av Helse Midt-Norge RHF og føretaksmøtet samt lover og føreskrifter.

**Vedtak:**

1. Styret for Helse Møre og Romsdal godkjenner kjøp av gnr. 50 bnr. 1473 i Ålesund kommune, tidlegare hjelpemiddelsentral, innanfor ei samla kostnadsramme på 20,52 MNOK. Kjøpet skal primært sikre betre lokale for habiliteringstenesta på Sunnmøre (HABU og HAVO).
2. Styret for Helse Møre og Romsdal gir adm.direktør fullmakt til å gjennomføre sal av Åsebøen 11 så snart det er utarbeidd verdivurdering for eigedomen og med atterhald om godkjenning frå Helse Midt-Norge RHF før salet blir effektuert.
3. Styret for Helse Møre og Romsdal legg til grunn at avhending av Åsebøen 11 blir gjennomført korrekt i høve til føringar og retningsliner som er gitt av Helse Midt-Norge RHF og føretaksmøtet samt lover og føreskrifter.

**Sak 58/2018    Opptnemning av valstyre for val av tilsettrepresentantar til styret**

**Innstilling:**

Styret for Helse Møre og Romsdal HF opptnemner følgjande til valstyret for val av tilsettere representantar til styret:

- Frå Norsk Sykepleierforbund Arild Hevrøy
- Frå Den norske Legeforening Vebjørn Vik
- Frå Fagforbundet Margrethe Slettan
- Representant for leiinga Ketil Hjelset
- Representant for leiinga Arild Eliassen

Administrasjonen skal ha ansvar for sekretariatfunksjonen.

**Vedtak:**

Styret for Helse Møre og Romsdal HF opptnemner følgjande til valstyret for val av tilsettere representantar til styret:

- Frå Norsk Sykepleierforbund Arild Hevrøy
- Frå Den norske Legeforening Vebjørn Vik
- Frå Fagforbundet Margrethe Slettan
- Representant for leiinga Ketil Hjelset
- Representant for leiinga Arild Eliassen

Administrasjonen skal ha ansvar for sekretariatfunksjonen.

**Sak 59/2018 Administrerende direktør – lønnsjustering****Vedtak:**

Administrerende direktør Espen Remme gis eit lønstillegg med prosentuell auke på 2,8 prosent. Dette er på linje med årets lønnsutvikling ellers i helseføretaka.

**Sak 60/2018 Godkjenning av protokoll 07/18****Innstilling:**

Styret for Helse Møre og Romsdal HF godkjenner protokoll 07/18 frå møte 04. desember 2018.

**Vedtak:**

Styret for Helse Møre og Romsdal HF godkjenner protokoll 07/18 frå møte 04. desember 2018.

Møtet slutt kl. : 15:40

Ingve Theodorsen  
styreleiar

May Helen Molvær Grimstad  
nestleiar

Bjarne Storset

Toril Forbord

Nils Kvernmo

Mikal Gjellan

Jan Arve Antonsen

Kristen Rasmussen